



Ordførarkandidaten på Ytre Eik med Ask og Gorm som ho er bestemor til. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bente Jorunn Lærum Aamodt (50) frå Uskedalen har gjort det tredje forsøket sitt på å bli Arbeiderparti-ordførar i Ottadalsbygda Skjåk men heller ikkje denne gongen lukkast ho. Senterpartiets Rolv Kristen Øygard held fram med Bygdalista som støttespelar og Bente Jorunn er skuffa sjølv om ho innrømmer at utfallet ikkje var nokon bombe.

- Det kjem til å fortsetje i same skoro, seier ho til avisa GD, Då ho var heime på ferie med familien, slik ho plar vera, rekna ho heller ikkje med støtte frå partiet på vippen, men håpa på å erobre fleirtalet åleine.

Det makta ikkje Arbeidarpartiet denne gongen heller. Til GD seier Bygdalistas Arild D. Presno at det kunne slått begge vegar og at dei 3 partia kan samlast om det meste. Han er sikker på at også Bente Jorunn kune ha gjort ein god jobb, Bygdalista får varaordføraren og ein utvalsleiar.

Då Bente Jorunn var på familiehytta Elvestø på Ytre Eik

anklaga ho dei 2 andre partia for å ha fått til for lite,
særleg i samspelet med nabokommunen Lom.

Av Ola Matti Mathisen